

RAPPORT OG PLANAR (2006 - 2007)

BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2008

<i>Innleiing</i>	2
1 RESULTATRAPPORT 2006	3
1.1 Hovudmål 1: Høgskulen i Volda skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet	3
1.2 Hovudmål 2: Høgskulen i Volda skal oppnå resultat i forskning og fagleg- og kunstnarisk utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet	7
1.3 Hovudmål 3: Høgskulen i Volda skal være ein lærestad og forskingsinstitusjon med evne til å møte behova i samfunnet	9
1.4 Hovudmål 4: Høgskulen i Volda skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane	13
2 PLANAR FOR 2007	19
2.1 Hovudmål 1: Høgskulen i Volda skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap	19
2.2 Hovudmål 2: Høgskulen i Volda skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg- og kunstnarleg utviklingsarbeid. Vi skal ha ansvaret for utvikling av praktisk retta forskning på våre fagområde.	20
2.3 Hovudmål 3: Høgskulen i Volda skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.	22
2.4 Hovudmål 4: Høgskulen i Volda skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane	23
2.5 Disponering av tildelt løyving 2007	25
3 BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2008	26
3.1 Framlegg innanfor ramma	26
3.2 Framtidige satsingsforslag (forslag utanfor ramma)	27
4 TABELLVEDLEGG	31

INNLEIING

Departementet har frå 2006 lagt om målstrukturen for sektoren, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) og Orientering om Statsbudsjettet for 2006. Malen for rapportering er i samarbeid med sektoren omarbeidd ein del til bruk i planarbeidet frå og med 2007, jf. St.prp. nr. 1 (2006-2007) og Orientering om Statsbudsjettet for 2007.

Målsetningar med endringa i målstruktur og rapportering

Målstrukturen er lagt om for å rette fokuset mot område som det er særleg viktige for departementet å følgje opp. Målstrukturen er bygd opp slik at vi skal kunne tilpasse måla til prioriteringane og føresetnadane våre. Dei delmåla som er utforma av departementet dekkjer dei områda som departementet er særleg opptekne av at institusjonane skal utvikle.

Eit viktig omsyn har også vore å leggje til rette for at institusjonane oppfyller krava i Statens økonomireglement på ein god måte.

Synliggjerings og dokumentasjon av resultat og koplinga mot ressursinnsats vert viktig ved fordeling av framtidige offentlege budsjett. Intensjonen med omlegginga er derfor også at institusjonane skal ha ein betre samanheng mellom planar, ressursinnsats og resultat, og at resultatata skal vere godt dokumenterte.

Målstrukturen er definert slik:

- Hovudmåla er formulerte av departementet ut frå formålsparagrafen i UH-loven. Det er lagt opp til at dei skal vere relativt stabile over tid.
- Mange av delmåla er fastsette av departementet. Dei er ikkje uttømande, og dei kan endrast over tid, mellom anna for å ta høgde for ulike politiske mål. Delmåla er også supplerte av eigne delmål for å byggje opp under vår profil, styrke og eigenart. I tillegg skal dei byggje opp under måloppnåing i høve til hovudmålet.
- Resultatmåla er fastsette internt ved Høgskulen i Volda i tråd med ambisjonane våre.

I rapporten for 2006 skal vi sjå resultatet opp mot resultatkrava for året. Omlegginga vil ikkje føre til mindre rapportering enn tidlegare, men departementet har lagt til grunn at den vil føre til at rapporteringa vil gje eit betre grunnlag for den interne styringa vår. Vidare meiner departementet at omlegginga vil vere eit viktig bidrag til at vi kan heve kvaliteten på rapporteringa.

Budsjettframlegg 2008

Budsjettframlegget for komande år, både innanfor og utanfor ramma skal etter det nye opplegget skiljast ut og sendast inn tidleg i desember. Vi sende inn budsjettframlegget for 2008 innan fristen i desember 2006, og vi har lagt dette inn i vårt dokument til informasjon. Eit tilsvarande budsjettframlegg for 2009 skal sendast inn med frist 1. desember 2007.

Tabellvedlegg

Tabellane er tilgjengelige på sidene til DBH (database for høgare utdanning) her: <http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/budsjettrapport/index.cfm>

Dokumentet er godkjent av styret ved Høgskulen i Volda i møte 8.mars 2007, sak 10/2007.

RESULTATRAPPORT 2006

1.1 Hovudmål 1: Høgskulen i Volda skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet**Resultat utdanning**

Delmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre profesjonsutdanningstilboda i samsvar med dei regionale og nasjonale behova.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal oppretthalde dagens nivå på profesjonsutdanningstilboda
- Høgskulen i Volda skal vere fleksibel og setje i gang desentraliserte studietilbod innan lærarutdanningane ved etterspurnad
- Høgskulen i Volda skal ha tett dialog med utdanningsdirektøren i fylket og med andre arbeidsgjevarar som tek i mot våre kandidatar
- Høgskulen i Volda satsar sterkt på god marknadsføring av studietilboda

Måloppnåing:

- Høgskulen i Volda har om lag like mange studentar på profesjonsutdanningane som året før, unntateke allmennlærerutdanninga, der vi har fått ei fordobling av nye studentar samanlikna med 2005. Det har også vore ein svak auke i talet på nye studentar på førskulelærerutdanninga og sosialfagutdanningane. Praktisk pedagogisk utdanning har fått færre studentar fordi vi ikkje har starta opp like mange deltidsutdanningar som i 2005.
- Høgskulen i Volda har oppretta ei deltids førskulelærerutdanning i 2006. Høgskulen i Volda har i samarbeid med studiesenteret.no (eit nasjonalt nettverk av studiesenter med overføringar av førelesingar og interaktiv kommunikasjon mellom studentar og førelesarar) prøvd å starte opp ei deltids førskulelærerutdanning. Det var diverre ikkje nok søkjarar til å starte opp dette tilbodet. I samband med kunnskapsløftet har Høgskulen i Volda utarbeidd mange kortare kurs og studieprogram særleg retta mot lærarar.
- I arbeidet med Kunnskapsløftet har Høgskulen i Volda prioritert eit nært og tett samarbeid med Utdanningsavdelinga i fylket. Høgskulen i Volda er representert i referansegruppene både når det gjeld Kunnskapsløftet og Barnehageløftet. Høgskulen i Volda er også ein fast deltakarar på dei regionale dialogmøta med skuleeigarane rundt om i fylket. Gjennom tett dialog med fylket og skuleeigarane får Høgskulen i Volda nyttige innspel om kva tilbod som blir etterspurd. I arbeidet med Kunnskapsløftet inngår vi avtalar med skuleeigarar med sikte på å vere eit viktig samarbeidspart i skoleutviklingsprosessane. Avdeling for mediefag har ofte kontakt med presse, kringkasting og Norsk Journalistlag og får nyttige tilbakemeldingar på utdanninga. Informasjonsutdanninga og animasjonsutdanninga har også nær kontakt med bransjen. Alle utdanningane har siste året starta alumniprojekt ved avdelinga.
- Høgskulen i Volda har i dei siste åra gjennom målretta strategi- og planarbeid, auka løyvingar til tiltak og mannskap m. m. satsa meir og meir på marknadsføring av studietilboda. Marknadskommunikasjonen er i hovudsak retta inn mot to hovudsegment: campusstudenten (heiltidsstudenten) og deltidsstudenten. Satsinga på dette området kjem også til uttrykk gjennom meir medvitne kommunikasjonsplanar og tiltak for oppfølging og sørvis mot søkjarar og potensielle studentar og studentmottaket ved semesterstart. Høgskulen driv no også ei utstrakt evaluering av dette arbeidet ved hjelp av både interne og eksterne krefter.

Delmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal bruke det internasjonale kunnskapstilfanget i utforminga av studietilboda..

Resultatmål:

- Pensum ved Høgskulen i Volda sine studietilbod skal reflektere internasjonal forskning innan dei aktuelle fagområda
- Høgskulen i Volda skal nytte internasjonale forskarar som førelesarar i den grad økonomien tillet det

Måloppnåing:

- Ved emne- og studieprogramrevisjonen blir pensumet oppdatert og ny litteratur og pensum blir stadig vurdert.
- Høgskulen i Volda brukar internasjonale førelesarar ved mange studium: til dømes frå Australia i samband med Austral-asiatiske kulturstudium, frå Japan ved studium i Modern Japan, frå mange land ved animasjonsutdanninga og fjernsynsreportasje og dokumentarfilmudanninga.

Delmål 1.3: Ikkje i bruk

Kvalitetsutvikling av utdanningstilboda

Delmål 1.4 (KD): Høgskulen i Volda skal syte for at fleire studentar gjennomfører studia på normert tid.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal tilby fleksible studietilbod som gjer det mogleg for deltidsstudentane å gjennomføre studia på normert tid
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at studentar kan vere heiltidsstudentar
- 85 % av studentane med studieplan skal gjennomføre i samsvar med planen
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for betre gjennomstrøyming ved god oppfølging av studentane
- Høgskulen i Volda skal tilby utdanningssamtalar til alle studentar på studium på 60 studiepoeng eller meir
- Høgskulen i Volda skal stille klare krav til studentane

Måloppnåing:

- Ved nokre deltids- og nettstudium har Høgskulen i Volda innført tidlege arbeidskrav som studentane må gjere for å få fortsette i studiet. Desse er med på å bevisstgjere studentane om kravet til eigeninnsats i slike studium. Høgskulen i Volda har innført studieavgift ved fleire deltids- og nettstudium for å få studentar som er meir motiverte til å gjennomføre studia. Mastergradsstudia i yrkesretta spesialpedagogikk og i samfunnsplanlegging og leing har i 2006 blitt tilbode som deltidsutdanningar. Dette gir betre oppfølging av deltidsstudentar og gir oss betre oversikt over gjennomstrøyminga ved desse utdanningane. Høgskulen i Volda tilbyr mastergradsstudium i samfunnsplanlegging og leing deltid gjennom studiesenteret.no, i tillegg til KRL for lærarar, IKT i læring og ex.phil.
- Høgskulen i Volda har mange profesjonsutdanningar som er heiltidsutdanningar. Ved våre mastergradsstudium vert det utarbeidd kontrakter med studentane om rettleiing og progresjon i samband med mastergradsoppgåve. I informasjonen og marknadsføringa vår legg vi særleg vekt på dei heiltidsutdanningane og det campustilbodet vi har.
- Høgskulen i Volda har ikkje klart å oppnå målet om 85 % gjennomføring av utdanningsplanen. Ved Høgskulen i Volda får alle studentar – uavhengig av omfanget på studiet – ein utdanningsplan. Til dømes nettstudium på 15 studiepoeng og andre fleksible studietilbod under 60 studiepoeng blir tatt med i denne statistikken.
- Høgskulen i Volda har fleire studiekoordinatorstillingar som saman med faglærarar har ansvar for oppfølging av deltids- og nettstudentar. Høgskulen i Volda har oppretta eit

studieadministrativt sørvistorg, der alle hjelpetenester (classfronterhjelp m.m.) er samla. Dette lettar kontakten og oppfølginga av studentane. Også utdanningssamtalar er eit viktig instrument for oppfølging av studentar.

- Høgskulen i Volda tilbyr utdanningssamtalar til alle studentar på studium på 60 studiepoeng eller meir. Det er dei studieprogramansvarlege og studieleiarane som er ansvarlege for å organisere dette.
- Høgskulen i Volda har auka talet på obligatoriske forelesingar og på arbeidskrav. HVO fokuserer på dette temaet i møte med studentorganisasjonane og i studieutvalet. Dette er også eit viktig tema i samband med emne- og studieplanrevisjonen.

Kommentarar:

Gjennomføringsgraden er delvis avhengig av inntakskvaliteten. Ved Høgskulen i Volda har inntakskvaliteten berre betra seg på allmennlærerutdanninga, og det er for tidleg å spore endringar der. Høgskulen i Volda har mange profesjonsutdanningar med eit sertifiseringsperspektiv. Eit kvalitetsmål må difor også vere å rettleie studentar ut av studiet.

Det har vore viktig for Høgskulen i Volda å følgje med gjennomføringsgraden på nettstudia og andre fleksible studietilbod. Det er her vi finn det største avviket mellom planlagd studieomfang og det som blir gjennomført. Frå studieåret 2007-2008 vil vi ikkje tilby utdanningsplan til studentar på studietilbod under 60 studiepoeng. Det vil føre til ein meir samanliknbar statistikk. Høgskulen i Volda har også noko lågare studiepoengsproduksjon enn landsgjennomsnittet (43 ved Høgskulen i Volda mot 45,1 i snitt for dei statlege høgskulene). Dette kan henge saman med vårt høge tal på desentraliserte-, fleksible- og nettstøtta studium. Ved Høgskulen i Volda er mange studium opne, og det kan ha innverknad på inntakskvaliteten på studentane våre.

Internasjonalisering

Delmål 1.5 (KD): Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre høgskular om internasjonal utdanning:

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal i 2006 styrke avtaleporteføljen mot desse landa: Nord-Amerika og Canada og sentrale land i Europa som Frankrike, Tyskland, Holland, Italia og Storbritannia. SIU skal vere ein sentral samarbeidspart i dette arbeidet, m.a. gjennom deltaking på NASFA konferansen i Montreal og kontaktkonferansar. Vi vil i tillegg samarbeide med andre norske utdanningsinstitusjonar for å sikre oss gode avtalar.
- Talet på utreisande studentar over tre månadar skal aukast til 200 på årsbasis
- Talet på innreisande studentar over tre månadar, utanom NUS, skal aukast frå 30 i 2005 til 50 i 2006.
- Det skal arbeidast for å auke reine fagtilbod på engelsk til det doble, frå fire i dag til åtte i 2006. I tillegg skal talet på fagmiljø som tilbyr tutoring på engelsk aukast.

Måloppnåing:

- Gjennom deltaking på SIU sitt kontaktseminar i Paris mai 2006, på EAIE konferansen i Basel september 2006 og gjennom partnerbesøk til nye universitet, har vi spesielt fått styrka avtaleporteføljen vår gjennom Erasmus avtalar med velrenommerte utdanningsinstitusjonar i Frankrike, Holland, Italia, Portugal og Tyskland. Vi fekk ikkje høve til å delta på NAFSA-konferansen i Montreal, men vil delta med to representantar på NAFSAs konferanse i Minneapolis mai/juni 2007. På EAIE konferansen inngikk vi intensjonsavtale med fire nye universitet i Canada, og vi følgjer desse opp no.
- Talet på utreisande studentar 2006 var 136, og nærare 100 var ute på kortare program frå 14 dagar til seks veker.
- Innreisande Erasmus/Erasmus Link-studentar 2006 var 41 og auken held fram!

- Vi har satt av kr. 250.000 til stimuleringsmidlar til fagmiljø som set i gang nye tilbod på engelsk. I 2006 auka talet på tilbod til det doble frå året før. Fagmiljøa gjer ein stor innsats når det gjeld rettleiing på engelsk, der det ikkje finst reine undervisningstilbod på engelsk. Omsetjingsarbeid av fagplanar er auka og engelsk pensum er auka.

Delmål 1.6 (KD): Høgskulen i Volda skal utvikle gode ordningar for godkjenning og innpassing av utdanning frå utlandet, og vi skal arbeide for å oppnå ECTS-sertifisering og sertifisering av ordninga med vitnemål(Diploma Supplement Label).

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal arbeide for å gjere sakshandsaminga for godkjenning og innpassing av utdanning frå utlandet så kort og smidig som råd, og utnytte NAG databasen og NOKUT sin oversikt.
- Høgskulen i Volda skal søkje om DS label innan 01.03.2006.
- Høgskulen i Volda skal starte arbeidet med å gjere studiehandboka tilgjengeleg på engelsk på veven, som lekk i førebuing om å søkje om ECTS-label.

Måloppnåing:

- Godkjenning av utanlandsk utdanning går stort sett greitt. Vi deltok på seminar i regi av NOKUT våren 2006.
- Vi søkte om DS label i 2006, men fekk avslag – på same måte som alle andre norske utdanningsinstitusjonar som søkte også fekk det. Hovudgrunn: forskjell på skjema i FS og malen i Brussel. Vi hadde planar om å søke på nytt 01.03.2007, men Brussel har utsett søknadsfristen inntil vidare.
- ECTS-arbeidet er ikkje kome i gang. Vi ser at det er viktig, og vil prøve å starte arbeidet i løpet av hausten 2007. Søknadsfristen 01.03.2008 er førebels usikker.

Læringsmiljø

Delmål 1.7(KD): Høgskulen i Volda skal sikre fysisk og psykisk læremiljø og legge til rette for at funksjonshemma kan studere ved institusjonen.

Resultatmål:

- LMU (læringsmiljøutvalet) gjennomfører møte og synfaring med alle avdelingane og studentsamskipnaden der sjekklister for fysisk og psykisk læringmiljø blir gjennomført.

Måloppnåing:

- LMU har gjennomført møter med dei fire avdelingane og studentsamskipnaden. I tillegg er det gjennomført møte med studieutvalet og HVO-leiinga.

Delmål 1.8(HVO): Høgskulen i Volda skal utvikle og sikre eit trygt, stimulerande og heilskapleg læringsmiljø bygt på god studieorganisering, fagleg og personleg utvikling, medbestemmelse i saker som vedkjem eigen læringssituasjon og tryggleik mot ulykker og læringsrelaterte helseskader.

Resultatmål:

- Teleslynger i alle undervisningsrom over 60 sitjeplassar
- Betre tilgang for rørslehemma til Idrettsbygget og Lettbygget
- LMU skal profileraast i informasjon til studentar ved semesterstart

Måloppnåing:

- Det er installert teleslynge i fire store undervisningsrom, og det er løyvt pengar til dei resterande store roma.

- Tilgangen for rørslehemma til Idrettsbygget er ordna. Det er løyvt pengar til å rette opp tilgangen til Lettbygget.
- LMU fekk ei heilsides oppslag i HVO-magasinet ved studiestart til profilering.

1.2 Hovudmål 2: Høgskulen i Volda skal oppnå resultat i forskning og fagleg- og kunstnarisk utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

FoU verksemd generelt

Delmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal arbeide for å stimulere til profesjonsrelatert forskning, utviklingsarbeid og kompetanseutvikling og nyskapande verksemd, regionalt og nasjonalt

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal arbeide fram strategiske høgskuleprogram og få tilslag på eitt av dei
- Høgskulen i Volda skal etablere eit prosjekt om praksisretta FoU
- Høgskulen i Volda skal lage eit program for formell kompetanseheving for og rekruttering av fagleg tilsette
- Høgskulen i Volda skal lage eige førstelektorprogram

Måloppnåing:

- Høgskulen i Volda sende i 2006 inn tre søknader om Strategisk høgskuleprosjekt, og fekk tilslag på prosjektet *Journalistikk i endring*
- Til programmet FoU i praksis i Noregs forskingsråd fekk vi tilslag på prosjektet *Kvalitet i opplæringa – om tilpassa opplæring*.
- Arbeidet med å lage kompetansehevingsprogram og førstelektorprogram er i gang og vil bli fullført i 2007. Dette arbeidet kom ikkje i mål innan den opphavlege tidsplanen. Grunngevinga for dette er at kapasiteten i administrasjonen vart redusert i denne perioden (SAP-innføring og sjukmelding).

Delmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal bruke det internasjonale kunnskapstilfanget i forskings- og utviklingsarbeid

Resultatmål:

- Oppretthalde og vidareutvikle internasjonale nettverk for fagtilsette
- Knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom SHP og andre større profesjonsprosjekt
- Stimulere til publisering i internasjonale publiseringskanalar
- Stimulere til framlegging av papers på internasjonale forskarkonferansar

Måloppnåing:

- Dei fleste professorane og mange av førsteamanuensane våre er med i internasjonale forskarnettverk og deltek med papers på internasjonale konferansar. I 2006 var talet på internasjonale konferanseforedrag 34, mot 30 både i 2005 og 2004.
- Internasjonal publisering, mest i form av tidsskriftartiklar, men også bøker, var det same i 2006 som året før (18).
- Høgskulen i Volda stimulerer til vitskapleg publisering gjennom resultatdelen i den interne budsjettfordelingsmodellen – avdelingane får løyvingar etter eit internt poengfordelingssystem

Doktorgradsutdanning

Delmål 2.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal arbeide for at doktorgradsstipendiatar gjennomfører på normert tid og leggje til rette for at eigne tilsette kan gjennomføre doktorgradsløp

Resultatmål:

- Nylaga regelverk for doktorgradsstipendiatar skal følgjast opp
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å lage avtalar med doktorgradsinstitusjonar slik at opptak av våre stipendiatar og avtale med rettleiarar vert enklare
- Alle stipendiatar ved Høgskulen i Volda skal følgjast opp med medarbeidarsamtalar minst ein gong i året
- Høgskulen i Volda vil skipe til faglege forum der stipendiatar og andre kan møtast og leggje fram arbeida sine, få kommentarar til desse og slik bli tettare integrert i forskingsmiljøet i Volda
- Høgskulen i Volda skal framleis satse på samarbeid med VNN forskarutdanninga
- Lage retningslinjer for eigne tilsette i doktorgradsløp
- Gi gode rammevilkår for eigne tilsette i doktorgradsløp – ekstra Fou-ressurs

Måloppnåing:

- Regelverk for stipendiatar er følgt opp, m.a. ved at det er gjennomført medarbeidarsamtalar med dei fleste stipendiatane.
- Høgskulen i Volda har inngått samarbeidsavtale om doktorgradsutdanning med Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap i Göteborg gjennom etablering av Akademi för forskning om psykisk hälsa.
- Våre tilsette nyttar sine faglege nettverk for å skaffe stipendiatane våre opptak ved dr.gradsutdanningar. I nokre tilfelle vert det også gitt prekvalifiseringsstipend, slik at stipendiatane kan få opptak så tidleg i stipendiatperioden som råd.
- Vi har i mindre grad lukkast i å etablere felles faglege forum for stipendiatar, men stipendiatane har sin eigen organisasjon, Stipendiatane ved HVO, og har m.a. observatørstatus i Forskingsutvalet.
- HVO satsar framleis på samarbeidet i Vest-norsk nettverk – Forskarutdanninga. Tre tilsette la fram vitskapsteoretiske essays i 2006 og to vart tekne opp gjennom PhD-programmet til VNN-FU
- Det vart i 2006 laga eigne retningslinjer og etablert støtteordningar for tilsette som vil ta doktorgrad utan å vere stipendiatar. Den som går inn på ei slik ordning får ekstra FoU-ressurs og FoU-stipend (frikjøp i to semester) i tillegg til driftsmidlar etter satsen for stipendiatar.

Andre kommentarar:

Ved Høgskulen i Volda disputerte 5 doktorandar i 2006.

Høgskulen i Volda prioriterer stipendiatstillingar i høve til FoU-plan.

Fagleg leiing

Delmål 2.4(KD): Høgskulen i Volda skal styrke fagleg leiing og leggje til rette for at profesjonsretta forskings- og utviklingsarbeid eller kunstarisk utviklingsarbeid vert organisert i gode fagmiljø.

Resultatmål:

- Arbeidet med kompetanseutviklingsplanen skal fullførast i 2006
- FoU-planen skal følgjast aktivt opp
- Organisere forskingsutval på avdelingane
- Organisere forskargrupper rundt konkrete prosjekt
- Lage forskingsgrupper i profesjonsretta forskning

Måloppnåing:

- Kompetanseutviklingsplanen vart ikkje fullført i 2006, men arbeidet held fram og vil bli fullført i 2007.
- Strategiplan for FoU vart vedteken i 2004 for ein fireårsperiode. Avdelingane avla halvvegsrapportar hausten 2006, og av desse kan vi utleie at planen har vore viktig med omsyn til å samle fagmiljøa mot større felles satsingar, t.d. om søknader om Strategiske høgskuleprosjekt og andre større forskingsprosjekt.

- Utviklinga av mastergradsprogram har også verka mobiliserande i retning av å konsentrere forskingsinnsatsen kring dei tematiske satsingsområda for FoU.
- Når det gjeld organisering av og rundt forskinga har vi ein del utfordringar. Det er oppretta FoU-utval ved dei tre største avdelingane, men dei har fungert litt ulikt, med varierende aktivitet. Det er generelt sett vanskeleg å få trykk og kontinuitet i arbeidet med forskingsgrupper, spesielt der det ikkje er eit konkret forskingsprosjekt å samlast kring.
- Vi har ikkje lukkast i å lage forskingsgrupper i profesjonsretta forskning utanom det forskingsrådsfinansierte prosjektet om tilpassa opplæring.

Andre kommentarar:

Høgskulen i Volda gir økonomisk og administrativ støtte til søknads- og prosjektutvikling.

Internasjonalisering

Delmål 2.5 (KD): Høgskulen i Volda skal samarbeide internasjonalt om profesjonsretta og kunstnarisk forskings- og utviklingsarbeid.

Resultatmål:

- Inngå fleire samarbeidsavtalar med utanlandske FoU- institusjonar
- Deltaking i internasjonale FoU-prosjekt

Måloppnåing:

- Det er inngått samarbeid om birettleiing av ein dr.gradsstipendiat ved Universitetet i Malaga, Spania. Vi har vidare samarbeid med Kenyatta University i Nairobi, Kenya og Chancellor College, University of Malawi.
- Høgskulen i Volda er med i fleire Nordplus-nettverk, men det aller meste av det internasjonale FoU-samarbeidet føregår gjennom dei nettverka den enkelte fagtilsette har, jf. delmål 2.2.
- Vi har enno ikkje oppnådd deltaking i større internasjonale FoU-prosjekt.

Delmål 2.6 (KD): Høgskulen i Volda skal lyse ut stillingar i EUs forskarmobilitetsportal. Dette gjeld også stipendiat- og post.doc stillingar.

Måloppnåing:

- Høgskulen i Volda er med i Era More-samarbeidet og har lagt ut link til EraCareers – Research Mobility in Europe på våre heimesider.
- Vi har ikkje nådd målet om å lyse ut stillingar gjennom denne mobilitetsportalen.

1.3 Hovudmål 3: Høgskulen i Volda skal være ein lærestad og forskingsinstitusjon med evne til å møte behova i samfunnet

Relevante utdanningstilbod

Delmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal samarbeide med regionalt arbeidsliv om å utvikle utdanningstilbod i samsvar med regionale og nasjonale kompetansebehov.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal etablere mastergradar i Helse- og sosialarbeid og i Kulturmøte
- Høgskulen i Volda skal vere ein sentral samarbeidspart for kommunar og skular i gjennomføringa av Kunnskapsløftet
- Høgskulen i Volda skal utvikle ei tilrettelagt førskulelærerutdanning i samarbeid med Midt i Norden
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle samarbeidet med Statens Vegvesen om krisehandtering

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre tilrettelagt studium i Helsepedagogikk for farmasøytar i samarbeid med Helse Midt-Norge
- Høgskulen i Volda skal utvikle tilrettelagt studium i sjølvhjelp i samarbeid med Norsk Selvhjelpsforum
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle etter- og vidareutdanningstilbod innafor kjernområda

Måloppnåing:

- Mastergraden i Helse- og sosialarbeid var ferdig planlagt våren 2006, vart fagleg godkjend av NOKUT hausten 2006 og endeleg politisk godkjend av Kunnskapsdepartementet hausten 2006. Denne utdanninga er eit samarbeid mellom Helse Sunnmøre og Høgskolen i Ålesund. Masterutdanninga er sett i gang med dei første studentane på dei obligatoriske emna.
- Masterprogrammet Kulturmøte vart godkjent av NOKUT i mai 2006 og i Kunnskapsdepartementet i september 2006. Den interne faglege samordninga mellom ulike institutt er også ferdig avtalt og undervisningsførebuinga er i gang.
- Høgskulen i Volda har markert seg som ein sentral kompetansetilbydar i Møre og Romsdal gjennom å tilby individuelle studieplassar (studietilbod) og å inngå avtalar med kommunar om skuleutvikling.
- Den planlagde førskulelærarutdanninga som skulle tilretteleggast i samarbeid med kommunenettverket Midt i Norden kom ikkje i gang grunna for få søkjarar som takka ja til studietilbodet.
- Samarbeidet med Statens vegvesen om leiarkurs i krisehandtering vart ikkje vidareført i 2006. Vegvesenet valde andre måtar å halde fram den interne opplæringa på. Ved etablering av eit planlagt studieemne i krisekommunikasjon ved høgskulen si Avdeling for medieag, vil erfaringane frå samarbeidet med Statens vegvesen i 2005 vere nyttige. Dei kan også bli trekt inn i delar av undervisning og i samband med praktiske øvingar.
- Første kullet med farmasøytar i Helse Midt-Norge gjennomførte studiet Helsepedagogikk for farmasøytar vår og haust 2006. Studiet fekk god evaluering og oppdragsgjevar har teke initiativ til gjennomføring av eit andre kull hausten 2007
- Høgskulen i Volda har utvikla og fått godkjent studieplan for eit sjølvhjelpsstudium, 15 + 15 studiepoeng. Planen er vidare å gjennomføre eit pilotstudium hausten 2007
- Arbeidet med vidareutvikling av tilbodet innan etter- og vidareutdanning har resultert i at Avdeling for humanistiske fag endra studietilbodet Norsk 2 for lærarar frå eit samlingsbasert studietilbod gjennomført ved campus til eit nettbasert tilbod med studieavgift, med 28 studentar ved oppstart haust 2006. Ved Avdeling for samfunnsfag er studietilboda knytt til KRL omorganisert til mindre delemne, kvar på 15 studiepoeng, og såleis organisatorisk lettare å gjennomføre for studentar/deltakarar i arbeid. Samarbeidet med Studiesenteret har gjort at ein har teke i bruk ny og betre teknologi i Masteren i samfunnsplanlegging, der fjernstudentar og campusstudentar kan delta i den same gruppeundervisninga. Ved Avdeling for lærarutdanning har vidareutvikling og nyskaping i stor grad vore knytt til Kunnskapsløftet.

Kommentarar:

Høgskulen har vektlagt nye måtar å organisere kompetanseheving på, både internt og eksternt, gjennom Kunnskapsløftet. Eksternt har vi prioritert avtalar med skuleeigarar/kommunar. Dette har som mål å starte og drive utviklingsprosessar. Sams for alle avtalar er at tiltaka skal vere langsiktige – minimum 1 år, vere forankra i skuleleiinga (rektor si rolle vert særleg fokusert) og heile personalet skal involverast. Prioriterte tema har vore skuleleiing og læreplanarbeid. Vidare har vi utvikla etterutdanningskurs retta inn mot faga, som t.d. Forskarspiren, Teknologi & design, Mat og helse og KRL i Kunnskapsløftet. Slike tiltak er organisert med samlingar og arbeid mellom samlingane. Det er også inngått avtalar om vidareutdanning i 2. framandspråk (tysk 30 stp), i Skuleleiing og i Matematikk (15 stp). Samla inneber aktiviteten i Kunnskapsløftet så langt ca 6500 timar. Behovet ute i skulen er stort, men tilgang på faglege ressursar til eksterne oppdrag er ein avgrensande faktor. Vi har gjennomført ei internopplæring retta mot fagpersonar knytt til lærarutdanningane. Her har fokuset vore tilpassa opplæring. Det er Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV) som organiserar denne verksemda.

I samarbeid med KKD har vi utvikla eit heilt nytt studietilbod, Leiing av frivillig og offentleg samarbeid, 60 stp fordelt på fire fleksible studieemne. I 2006 vart piloten gjennomført og avslutta, og studiet blir no implementert i Avdeling for samfunnsfag. KEV var prosjektansvarleg for utviklingsarbeidet.

Eitt av resultatmåla, Helsepedagogikk for farmasøytar, er eit godt døme på tilrettelegging av god og relevant praksisundervisning. Høgskulen har i 2006 samarbeidd med Helse Sunnmøre om utlysing av ei kombinert stilling som psykolog.

Innovasjon og entreprenørskap

Delmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal samarbeide med regionale og nasjonale verksemdar om innovasjon, FoU og utviklingsarbeid

Resultatmål:

- Halde fram arbeidet med å skipe eit senter for kulturformidling og kulturproduksjon
- Opprette eit selskap for medieproduksjon
- Arbeide for pilotprosjekt i kompetanseutvikling for NAV
- Utvikle samarbeidet med Senter for Nynorsk i Opplæringa
- Følgje opp tilrådingane frå evalueringa av nordisk språk og litteratur

Måloppnåing:

- Arbeidet med å skipe eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling har vore intensivert i 2006.
- Selskap for medieproduksjon er oppretta og heiter Fantomfilm, der den eine også er tilsett ved Avdeling for mediefag og den andre er tidlegare student ved same avdeling. Firmaet skal produsere fjernsynsprogram i vidaste forstand. Høgskulen har støtta selskapet økonomisk og med infrastruktur (kontor, tlf etc). Fantomfilm har no fått avtale med ein TV-kanal om utviklingsstøtte. Dei er i ferd med å søkje Innovasjon Noreg om etableringsstøtte.
- Pilotprosjekt for kompetanseutvikling i NAV er ikkje avtalt og kome i gang, men det er starta ein dialog med aktuelle kommunar og NAV Møre og Romsdal.
- Både Avdeling for humanistiske fag, Ivar Aasen-instituttet og Kontor for etter- og vidareutdanning utvikla eit tettare samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- Fagmiljøet ved Nordisk institutt har gripe tak i tilrådingane frå evalueringa av nordisk språk og litteratur og er i gang med planlegging av fleire tverrfaglege prosjekt som i større grad samlar fagkompetansen i desse emna. Instituttleiaren har også delteke i Forskringsrådet sin nasjonale oppfølgingskomite (haust 2006) og levert ny rapport januar 2007.

Randsonesamarbeid og eksternt finansiert verksemd

Delmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle samarbeidet med Møreforsking

Resultatmål:

- HVO skal bidra til omorganisering av Møreforsking frå å vere ei stifting til å bli eit aksjeselskap

Måloppnåing:

- Møreforsking er omgjort til aksjeselskap og dei tre høgskulane i Møre og Romsdal går inn med 20 % av aksjekapitalen kvar.

Kommentarar

I samband med denne omorganiseringa er ein no i dialog om korleis samarbeidet med Møreforsking skal vidareutviklast.

Formidling

Delmål 3.4 (KD): Høgskulen i Volda skal formidle resultatane av forskings- og utviklingsarbeid til allmenta og ulike interessegrupper.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal arrangere forskingsdagar i samarbeid med Møreforskning
- Høgskulen i Volda skal motivere og belønne tilsette som driv formidlingsarbeid
- Høgskulen i Volda skal halde fram samarbeidet med Eldreuniversitetet i Volda og Volda Bygdetun

Måloppnåing:

- I 2006 hadde høgskulen 11 arrangement under Forskingsdagane i Volda. Heile sju av arrangementa var av større omfang, dvs at dei gjekk over ein halv eller heil dag og/eller involverte eksterne bidragsytarar.
- Gjennom eit internt poengsystem basert på kategoriar i Forskdok får avdelingane tilført budsjettmidlar etter resultat. I tillegg til vitskapleg publisering blir også formidling premiert. Poengsystemet gir m.a. utteljing for bøker, faglege og populærvitskaplege foredrag, artiklar i populærvitskaplege og faglege tidsskrift, kunstnarisk formidling m.m. Høgskulen tek initiativ til og gir støtte til ulike seminar/konferansar – både retta mot forskarfelleskap og ålmenta – der tilsette er viktige bidragsytarar. I 2006 vart det m.a. arrangert Barnehagekonferanse, yringsfridomsseminar og andre seminar under Forskingsdagane. Tilsette kan få tildelt midlar til trykkingsstøtte. Fleire tilsette har gjennom denne ordninga fått tilskot til å gi ut bøker på forlag. Gjennom ordninga med Små driftsmidlar – som Noregs forskingsråd sette i verk i 2006 – fekk fleire av våre tilsette midlar til konferansedeltaking og anna formidlingsarbeid.
- Under Forskingsdagane 2006 heldt ein av historikarane våre foredrag for Eldreuniversitetet om mellomalderen. Samarbeidet med Volda bygdetun er også knytt til Forskingsdagane: Studentar og fagtilsette har i fleire år arrangert matkulturell familiedag på Volda bygdetun. Arrangementet vart også gjennomført i 2006, med stor deltaking.

Rekruttering

Delmål 3.5 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom tiltak i studentrekrutteringa stimulere til mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Kommentar:

Mange av Høgskulen i Volda sine profesjonsutdanningar er svært kvinnedominerte, men det er ikkje lett å gjere noko med det når vi ikkje har verkemiddel for det. Til dømes kan vi tenkje oss eigne kvoter for menn til lærarutdanningane, men dette kan lett gå utover inntakskvaliteten. Det vi elles kan gjere er marknadsføring mot spesielle grupper.

Delmål 3.6 (KD): Høgskulen i Volda skal auke rekrutteringa av studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn

Kommentar:

Rekruttering av studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn til journalistutdanninga er eit tema som blir diskutert i samrådsmøta med mediebedriftene. Potensielle studentar blir oppfordra til å søkje om særskild opptak, slik departementet anbefaler.

1.4 Hovudmål 4: Høgskulen i Volda skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane

Generelt

Delmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda må ha ei økonomiforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane våre og framtidige økonomiske bindingar

Resultatmål:

- Gjennomføre revidering av budsjettfordelingsmodellen vår slik at den kjem betre i samsvar med endra strategiske prioriteringar
- Informasjon om endra budsjettmodell for å sikre at modellen er forstått i organisasjonen
- Vidareutvikle opplæringa av alle budsjettansvarlege for å forbetre:
 - realistisk budsjettering
 - periodiserte budsjett
- Vidareutvikling av interne retningslinjer og rutinar

Måloppnåing:

- Vi starta arbeidet med revisjon av budsjettfordelingsmodellen vår hausten 2006. Det vart utpeika ei arbeidsgruppe, og arbeidet kom godt i gang. Vi vart samde om eit utkast der basisløyvinga til avdelingane vert fordelt etter eit fastsett måltal. På denne måten vil vi ta vekk ein del av den stimulansen til overopptak som ligg i modellen vår i dag. På grunn av usemje knytt til korleis praksis- og koordineringskostnader skal handsamast i modellen, klarte vi ikkje å kome i mål med revisjonen i 2006. Arbeidet vert teke opp igjen i 2007.
- Budsjetteringsverktøyet vår (ABM) har gitt oss eit godt grunnlag til å lage realistiske og periodiserte budsjett, sjå spesiell kommentar under.
- Innføring av nye system krev utarbeiding av nye retningslinjer og rutinar, og sjølv om vi langt frå er i mål, har vi lagt ned ein stor innsats i 2006.


Spesielle kommentarar

Vi har i løpet av åra opparbeidd fleire system og tiltak som grunnlag for god økonomistyring.

Finansieringsmodellen frå KD vil gje svvingingar i budsjetttrammene frå år til år, og dette prøver vi i størst mogleg grad å jamne ut ved oppbygging og lån av avsetningane. Avdelingane får høve til å leggje inn eit disposisjonsbudsjett i samsvar med planlagd aktivitet innanfor året sjølv om dette vil avvike frå ramma for året, då denne ramma er utrekna etter aktiviteten for 2 år sidan. Avdelingane må planleggje drifta slik at dei betalar av på lån eller set av fondsmidlar i år med auka ramme. Den relativt store avsetninga knytt til "udisponerte midlar ved einingane" pr 31.12.2006 skriv seg frå ei avdeling, og det har vore spesielle grunnar til dette. Avdelinga skal mellom anna setje i gang ny master til hausten , og i samband med dette planlegg avdelinga tilsetjing i inntil 4 nye stillingar. Vi vil også gjere merksam på at tilsvarande avsetning pr 31.12.2004 var fleire millionar i minus.

Høgskulen i Volda var tidleg ute med innføring av kvalitetsreforma, og vi innførte reforma for nokre studietilbod alt frå hausten 2002, eit år før pålagt innføring. Kvalitetsreforma har ført til at studentane vert følgde opp på ein annan måte enn før, og det vert teke fleire avsluttande eksamenar i løpet av studietida. Som vi ser av diagrammet på neste side, er ein større del av studiepoengproduksjonen flytta til haustsemesteret som ein konsekvens av dette.

Vi har gode strategiar for rekrutteringsarbeidet, og studentrekrutteringa har halde seg god dei siste åra. Vår overordna strategi er at vi skal halde oppe aktivitetsnivået, men at ein større del av studiepoengproduksjonen skal vere finansiert av studieavgifter.



Vi ser ei klar forbetring av økonomistyringsgrunnlaget vårt etter at vi innførte budsjetteringsverktøyet ABM (Agresso Budget Manager). Lønnsbudsjettet knytt til tilsette vert lagt inn i systemet på personnivået i samsvar med lønnstrinn og tilsetjingsprosent, og systemet er tilrettelagt slik at også alle sosiale kostnader automatisk vert korrekt budsjettert og periodiserte. På denne måten får vi korrekt på plass nesten 60 % av totalbudsjettet vårt. Etter at husleigekostnaden (14 % av budsjettet) er korrekt budsjettert, har vi igjen 25 % av budsjettet som vi må leggje ein del arbeid i å få budsjettert og periodisert best mogleg.

Det som vi ser som den viktigaste forbetringa ved systemet, er at vi har lagt opp til at det er dei budsjettansvarlege som sjølve legg budsjettet inn i systemet (innanfor tildelt ramme). Dette gir eit godt grunnlag for den daglege økonomioppfølginga.

Heilt frå vi innførte Agresso som økonomisystem i 1998, har vi fått overført lønnsdata til økonomisystemet på personnivået. Sidan vi budsjetterer på person, har det vore enkelt å finne årsaka til eventuelle budsjetttavvik knytt til lønnsbudsjettet, sjå eksempel:

Oppfølging av lønnsbudsjettet på person (1.1.2006 – 31.5.2006)

Person	Person (T)	Beløp	Vedtatt budsjett	Budsjettavvik
11111111	Kari Blom	190 503	190 778	275
22222222	Ola Nordmann	135 197	135 445	248
33333333	Guri Svendsen	119 785	99 707	-20 078
44444444	Peder Ås	131 853	131 227	-626
SUM		577 338	557 157	-20 181

Etter at vi innførte SAP frå 1.7.2006 fekk vi ikkje lenger persondata overført til økonomisystemet. Vi har under planleggingsperioden sett at dette ville bli eit problem for oss, og vi har argumentert overfor SSØ (Senter for statleg økonomistyring) at dette er viktig for økonomistyringa vår. SSØ har no løyst problemet, og lagt teknisk til rette for at vi igjen (frå og med 2007) kan få overført lønnskostnader på personnivået til økonomisystemet.

Rekneskap 2006

Delmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda må vidareutvikle budsjett- og økonomisystema og syte for nødvendig opplæring av personalet

Resultatmål:

- I løpet av 2006 skal nytt lønns- og personalsystem (SAP) vere innført
- I løpet av 2006 skal nytt system for elektronisk handsaming av inngående faktura og e-faktura (Contempus.Invoice) vere innført
- Opplæring til interne brukarar av dei nye systema
- Lage arbeidsflytskjema for elektronisk attestasjon og godkjenning både for faktura og lønn/reiser
- Vidare opplæring i økonomimodellen og bruk av AGRESSO

Måloppnåing:

- Det nye lønns- og personalsystemet (SAP) vart innført ved Høgskulen i Volda frå og med 1.7.2006, og vi har i 2006 brukt store ressursar på dette arbeidet.
- System for elektronisk handsaming av innkomne faktura (Contempus Invoice) er innført, men det vart ikkje teke i bruk i alle delane i organisasjonen i 2006. Innføringa av dette systemet tok noko lenger tid enn planlagt. Innan mars 2007 skal Contempus Invoice nyttast for alle leverandørfaktura til Høgskulen i Volda.
- Vi har planlagt og laga arbeidsflyt for elektronisk attestasjon både for faktura og reiserekningar. Vi innfører ESS i løpet av våren 2007. ESS (Employee Self Service) er ein eigen modul inkludert i SAP. Sjå meir om dette systemet under planar for 2007, punkt 3.4.
- Opplæring til interne brukarar av dei nye systema er i full gang.
- Det vart innført ny kontoplan frå 1.1.2007. Den nye kontoplanen er no implementert i systema våre, og vi måtte parallelt køyre den nødvendige opplæringa ut til organisasjonen. Det vart utarbeidd ny økonomimodell i 2007. Sjå meir om dette under punkt 3.4.

Andre kommentarar:

KD har instruert sektoren om å kjøpe inn eit elektronisk system for støtte ved innkjøp (EASS - elektronisk anskaffelsesstøttesystem). UNINETT i samarbeid med UHR er sett på saka, og Høgskulen i Volda har meldt frå at vi vil vere med i dette prosjektet. Opplysningar om framdrifta i prosjektet finn vi på heimesidene til UNINETT her: <http://forskningsnett.uninett.no/trofast/innkjop/index.html>

Helse, miljø og tryggleik

Delmål 4.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal utvikle og sikre eit trygt og stimulerande arbeidsmiljø som er kjenneteikna av utfordringar, god arbeidsorganisering, arbeids glede, oppmuntring, støtte, fagleg og personleg utvikling, medbestemmelse i saker som vedkjem eigen arbeidssituasjon og tryggleik mot ulykker og arbeidsrelaterte helseskadar.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2006 ha hatt ein samla gjennomgang av rutinar og retningslinjer på HMS-området for å sikre at desse er i samsvar med den nye arbeidsmiljølova og eventuelle nye forskrifter til lova.
- Høgskulen i Volda skal arrangere ein HMS-dag hausten 2006.
- Gjennomføre HMS-revisjon i løpet av 2006.

Måloppnåing:

- Hovudverneombod, AMU-leiar og AMU-sekretær deltok på seminaret "Innføring i den nye arbeidsmiljøloven" 12. januar 2006 i regi av Arbeidsmiljøsentret.
- Høgskulen gjennomførte internt dagseminar om den nye arbeidsmiljølova 6. april 2006.
- Sak om lokale arbeidsmiljøutval ved alle avdelingane vart drøfta i arbeidsmiljøutvalet våren 2006. Det vart ikkje gjort noko vedtak om oppretting av underutval under det sentrale AMU, men

hovudverneombodet og ein av kontorsjefane fekk i oppdrag å lage eit forslag til opplegg for lokale HMS-utval.

- I forkant av HMS-revisjonen hausten 2006 laga revisjonsgruppa ei systematisert oversyn over alle prosedyrar, rutinar og retningslinjer HVO har utarbeidd på HMS-området.
- Revisjonsgruppa laga våren 2006 også revisjonsprosedyre og andre skjema som skulle nyttast i samband med HMS-revisjonen.
- Høgskuledirektøren gav revisjonsgruppa følgjande revisjonsoppdrag/mandat:
 - Revisjonsgruppa går igjennom den dokumentasjonen som finst på HMS-området/i HMS-systemet ved HVO. Revisjonsgruppa konkluderer og melder tilbake til høgskuledirektøren om kva som bør gjerast vidare.
 - Den avdelingsvise systemrevisjonen skal omfatte følgjande:
 - HMS-rutinar og -instruksar
 - Luft- og ventilasjonsforhold
 - Oppfølging sjukefråvær relatert til IA-avtalen
 - Revisjonsgruppa undersøker om avdelingane brukar dei skjemaa og sjekklistene som er laga. Fungerer rutinane, retningslinjene og sjekklistene i praksis ?
 - På bakgrunn av det som kjem fram under revisjonen, gjer revisjonsgruppa framlegg til endringar i eksisterande dokumentasjon (prosedyrar, rutinar, retningslinjer, sjekklister m.m.).
- Revisjonsgruppa gjennomførde HMS-revisjon med dei fire avdelingane i løpet av hausten 2006
- HMS-dagen som etter planen skulle arrangerast primo november 2006, måtte utsetjast. Hovudårsaka til dette var at ein kom for seint i gang med planlegginga.
- Det vart gjennomført vernerundar ved avdelingane og fellesadministrasjonen i løpet av 2006.

Spesielle kommentarar:

Utviklinga i legemeldt sjukefråvær ved Høgskulen i Volda har vore slik dei siste tre åra:

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2004	6,0 %	7,2 %	6,6 %	5,2 %
2005	4,4 %	3,9 %	4,9 %	4,1 %
2006	4,3 %	4,9 %	4,8 %	

Legemeldt sjukefråvær - Eiga verksemd samanlikna med andre

HØGSKULEN I VOLDA

3. kvartal

	3. kvartal 2006	3. kvartal 2005	3. kvartal 2004	3. kvartal 2003	3. kvartal 2002
Eiga verksemd	4,8 %	4,9 %	6,6 %	6,4 %	5,4 %
Undervisning	5,6 %	5,2 %	5,0 %	6,1 %	6,2 %
Statleg forvaltning	5,8 %	5,6 %	5,3 %	6,5 %	6,4 %
Heile landet	6,1 %	5,9 %	5,7 %	7,4 %	7,1 %

Personal

Delmål: 4.4 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk stimulere til eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Resultatmål:

- Auke dagens kvinneandel innan stillingskategoriar der høgskulen over tid har hatt skeiv kjønnsfordeling.

Måloppnåing:

- For stillingskategoriane samla under gruppa "Undervisnings- og forskerstillinger" var kvinneandelen 33% i 2006. I 2005 var den 32%.
- I gruppa "Undervisnings- og forskerstillinger" med førstekompetanse var 21% kvinner. Tilsvarende prosent i 2005 var 20%.

Delmål: 4.5 (HVO): Jamn fordeling av kvinner og menn innan rekrutteringsstillingar

Resultatmål:

- Ca. 50 % kvinner i rekrutteringsstillingar

Måloppnåing:

- Høgskulen i Volda har 53% kvinner tilsett i stipendiatstillingar i 2006.

Delmål: 4.6 (HVO): Rekruttere fleire kvinner til faglege toppstillingar

Resultatmål:

- Rekruttering/opprykk av kvinner med professorkompetanse i løpet av komande år

Måloppnåing:

- Høgskulen i Volda har gjennom nasjonal opprykksordning rekruttert 1 kvinneleg professor i 2006.

Delmål: 4.7 (HVO): Stimulere til kompetanseheving for kvinner, m.a. gjennom FoU-stipend og førstelektorprogram

Resultatmål:

- Auke delen av kvinner til førstelektorkompetanse med 10% i løpet av komande år

Måloppnåing:

- Av dei med førstelektorkompetanse var 29 % kvinner i 2006. Andel frå 2005 er ikkje auka.

Kommentarar:

Manglande måloppnåing kan i stor grad forklarast med at vi vart forseinka med det planlagde kvalifiseringsprogrammet til førstelektorkompetanse.

Bygg og leige

Delmål: 4.8 (HVO): Høgskulen i Volda skal arbeide for betre inneklima

Resultatmål :

- Vurdere kortsiktige løysingar for Kaarstad 1922
- Lage romprogram for Kaarstad 1922 i samarbeid med Statsbygg med omsyn til rehabilitering

Måloppnåing:

- I 2006 har eit konsultentselskap laga ein plan og kostnadsoverslag for å ventilere undervisningsromma i Kårstad 1922. Kostnad ca 6 mill kroner. HVO må diskutere finansiering med Statsbygg.
- Rehabilitering av Kårstad 1922 er eit stort og kostbart prosjekt, og tidshorisonen er lang. Arbeidet med romprogram er lagt på vent til etter at ny organisering er gjennomført hausten 2007.

Delmål: 4.9 (HVO): Høgskulen i Volda skal effektivisere drifta

Resultatmål :

- Etablere kaldtlager innafor eksisterande areal

Måloppnåing:

- Røysløda er rydda for brask og vert brukt til kaldtlager

Delmål: 4.10 (HVO): Høgskulen i Volda skal effektivisere reinhald i eigen regi

Resultatmål :

- Etablere lågtrykk skumanlegg for reinhald av garderobar og symjehall i Idrettsbygget

Måloppnåing:

- Det er etablert lågtrykksanlegg for effektivt og profesjonelt reinhald i symjehall og garderobar.

Delmål: 4.11 (HVO): Energiøkonomisering

Resultatmål :

- Installere termostatstyring på alle kontor og undervisningsrom i Aasen-huset

Måloppnåing:

- Det er installert temperaturstyring i Ivar Aasen - huset. Innemiljøet er betra og straumforbruket er kraftig redusert.

Miljøspørsmål/miljøleing

Delmål: 4.12 (HVO): Høgskulen i Volda skal integrere miljøleing i styringssystema

Resultatmål:

- Miljøtenking skal vere ein del av innkjøpsstrategien
- Gjennomføre enøk-tiltak
- Gå gjennom avfallsbehandlinga saman med Volda-Ørsta Reinhald

Måloppnåing:

- Den nye innkjøpsstrategien er ferdig
- Det er gjennomført fleire enøktiltak, til dømes tiltaket i 4.10 og utskifting av all armatur i Hans Strøm – huset, 3. etage
- HVO har gjennomført møte med Volda og Ørsta reinhaldsverk, og det er gjort nokre mindre endringar om avfallshandsaminga

2 PLANAR FOR 2007

2.1 Hovudmål 1: Høgskulen i Volda skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap

Delmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal auke talet på primærøkjjarar med 5%
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde dagens nivå på profesjonsutdanningane
- Høgskulen i Volda skal auke talet på mastergradskandidatar med 10 %
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for fleksible utdanningstilbod
- Høgskulen i Volda skal auke talet på betalingsstudiar
- Høgskulen i Volda skal auke talet på skreddarsydde opplegg/studietilbod

Risikovurderingar:

Risiko 1: Høgskulen i Volda får ikkje tilstrekkeleg søkning til studia våre

Sannsynlighet: middels

Konsekvens: alvorleg

Tiltak: Høgskulen i Volda har laga ein rekrutteringsplan som er forankra i styret. Planen blir revidert årleg. Vi har styrka innsatsen (budsjettet) til marknadsføring av studietilboda våre.

Risiko 2: Kvaliteten på undervisninga ved Høgskulen i Volda er for dårleg

Sannsynlighet: låg

Konsekvens: middels

Tiltak: God kvalitetssikring i samband med tilsetning av lærarar. Lage kompetanseutviklingsplan for fagtilsette.

Delmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø/studiemiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal opp på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengproduksjon pr student
- Gjennomføre ei undersøking av kva som gjer at studentane på nettstudia ikkje fullfører, og eventuelt leggje om studiestrukturen
- Sikre god nok kompetanse i undervisninga
- Gjere institusjonsavtalar som sikrar tilgong på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane
- Samarbeide med praksisfeltet om vidareutvikling av studia våre
- Høgskulen i Volda skal auke kompetansen på rettleiing til studentane, både fagleg og administrativt

Andre kommentarar:

Vi har i dei siste åra gjennomført fleire tiltak knytt til det fysiske læringsmiljøet. I 2007 har vi under delmål 4.2 sett oss som mål at vi skal få på plass eit ventilasjonsanlegg i Kaarstad 1922 i samarbeid med Statsbygg. Dette vil først og fremst påverke studentane sitt arbeidsmiljø.

Delmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha internasjonalt utdannings samarbeid av høg kvalitet som både medverkar til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal oppretthalde same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2006
- Høgskulen i Volda skal utvikle 5 nye studietilbod på engelsk i 2007
- Høgskulen i Volda skal kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestadar
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med utanlandske lærestadar om valfrie emne på masternivå

Delmål 1.4 (HVO) Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunar og skular ved gjennomføring av reforma Kunnskapsløftet

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal tilby relevant leiarutdanning for lærarar
- Høgskulen i Volda skal utvikle etter- og vidareutdanning for lærarar som er behovsbasert og knytt til basisfaga i Kunnskapsløftet
- Høgskulen i Volda skal utvikle etter- og vidareutdanning for lærarar i matematikk og naturfag i samarbeid med kommunar og skular

Delmål 1.5 (HVO) Høgskulen i Volda skal utvikle studiekvaliteten med utgangspunkt i årsrapporten for studiekvalitet

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal revidere kvalitetssystemet i 2007
- Høgskulen i Volda skal sørge for betre og meir tilgjengeleg informasjon om studiekvalitetsarbeidet ut i organisasjonen
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle bruken av Classfronter til e-læringsverktøy
- Høgskulen i Volda skal årleg leggje til rette for fagdag der studiekvalitet vert sett på dagsorden

2.2 Hovudmål 2: Høgskulen i Volda skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg- og kunstnarleg utviklingsarbeid. Vi skal ha ansvaret for utvikling av praktisk retta forskning på våre fagområde.

Delmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid og kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane våre

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng
- Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer
- Høgskulen i Volda skal også i 2007 arbeide fram fleire strategiske høgskuleprogram og få tilslag på eitt av dei
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å kome i posisjon til å søkje om EU-midlar i 2007
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde og vidareutvikle internasjonale nettverk for fagtilsette, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom SHP og andre større profesjonsprosjekt

Risikovurderingar:

Risiko 1: Forskingsverksemda vert skvisa i høve til undervisninga

Sannsynlighet: middels/høg

Konsekvens: middels/alvorleg

Tiltak: Høgskulen i Volda vil leggje undervisninga til rette slik at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU (meir blokkundervisning)

Delmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga

Resultatmål:

- Regelverket for doktorgradsstipendiatar skal følgjast opp
- Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidersamtale minst ein gong i semesteret
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å lage avtalar med doktorgradsinstitusjonar slik at opptak av våre stipendiatar og avtale med rettleiarar vert enklare
- 7 doktorgradskandidatar skal disputere i 2007

Risikovurderingar:

Risiko 1: Høgskulen i Volda sine stipendiatar får problem med å bli teken opp på doktorgradsprogram ved universiteta.

Sannsynlighet: høg/middels

Konsekvens: alvorleg/middels

Tiltak: Høgskulen i Volda må arbeide aktivt for å lage avtalar med doktorgradsinstitusjonane slik at opptak av våre stipendiatar og avtalar med rettleiarar vert enklare.

Risiko 2: stipendiatane sine søknadar (prosjekt) er ikkje godt nok gjennomarbeidd.

Sannsynlighet: middels

Konsekvens: alvorleg/middels

Tiltak: Stipendiatane kan få tilbod om kvalifiseringsmidlar for å lage betre søknadar/prosjekt. Stipendiatane kan få tilbod om rettleiing

Risiko 3: Oppfølginga av stipendiatane ved Høgskulen i Volda er ikkje god nok.

Sannsynlighet: middels/liten

Konsekvens: middels

Tiltak: Høgskulen i Volda må sikre at regelverket for doktorgradsstipendiatar blir følgt opp.

Delmål 2.3 (HVO) Høgskulen i Volda skal styrke den faglege leiinga i samband med omorganiseringa i 2007

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre leiarutviklingsprogram for den nye leiinga
- Høgskulen i Volda skal sende ein deltakar på dekanuskulen i 2007
- Høgskulen i Volda skal lage retningslinjer for fagleg leiing på instituttnivå (i samband med omorganiseringa)
- Høgskulen i Volda skal starte arbeidet med FoU-plan innafor den nye avdelingsstrukturen
- Høgskulen i Volda skal arbeide for styrke forskingsleiinga

2.3 Hovudmål 3: Høgskulen i Volda skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultat. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Delmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultat frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda har utvikla eit eige poengsystem som også gir utteljing for formidling. Dette skal vi halde fram med
- Halde fram med å arrangere Forskingdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår
- Høgskulen er med i PEPIA som sikrar open tilgang til forskingspublikasjonar
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen
- Høgskulen i Volda skal stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd om aktuelle samfunns spørsmål innafor våre fagområde (skuleutvikling, regions spørsmål, psykisk helse, barnevern, lokalhistorie)
- Høgskulen i Volda vil fortsette samarbeidet med Fritt Ord om seminar om ytringsfridom
- Barnehagekonferansen skal arrangerast også i 2007

Delmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal kome med i VRI-programmet i 2007
- Omfanget av eksternt finansiert verksemd skal auke i 2007. Det vil bli stilt inntektskrav til alle avdelingane i 2007
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for at Kompetansesenter for distriktsutvikling blir lokalisert i Volda
- Høgskulen i Volda skal delta i nyskaping innafor offentleg sektor på desse områda: Kunnskapsløftet, Barnehageløftet, Regionreforma, NAV
- Arbeide med å etablere Senter for kulturproduksjon, kopla til Den kulturelle skulesekken, skal halde fram i 2007 med sikte på å sikre løyving til permanent drift frå departementet/-a (KD/KKD) frå og med budsjettåret 2008
- Høgskulen i Volda skal gi støtte til eit kommersialiseringstiltak innafor media i 2007
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å fremje nye samarbeidsstrukturar kring Kompetansesenter for pasientinformasjon (KPI)

2.4 Hovudmål 4: Høgskulen i Volda skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane

Delmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som stimulerer til rekruttering og utvikling av den kompetansen som reflekterer våre oppgåver og ansvarsområde

Resultatmål:

- Talet på professorkompetente skal aukast i 2007
- Delen av førstestillingar i gruppa ”Undervisnings- og forskerstillinger” skal aukast frå 42% i 2006 til 50% i 2007
- Kompetanseutviklingsplanen, som inkluderer førstelektorprogram, skal lagast ferdig i 2007
- Høgskulen i Volda skal starte arbeidet med å utarbeide avdelingsvise kompetanse- og rekrutteringsplanar for sine tilsette på grunnlag av medarbeidersamtalane
- Høgskulen i Volda skal innføre mentorordning for nye fagtilsette
- Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette

Risikovurderingar:

Risiko 1: Ein stram arbeidsmarknad kan føre til at Høgskulen i Volda tapar konkurransen om dei gode søkjarane.

Sannsynlighet: middels

Konsekvens: alvorleg

Tiltak: marknadsføring og profilering av HVO

Risiko 2: Høgskulen får vanskar med å behalde arbeidstakarar med høg forskarkompetanse.

Sannsynlegheit: middels

Konsekvens: alvorleg

Tiltak: Høgskulen må m.a. gjennom arbeidsplanar for fagleg tilsette legge godt til rette for FOU-verksemd, slik at HVO held fram med å vere ein attraktiv arbeidsplass for forskarar.

Delmål: 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk stimulere til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Resultatmål:

- Sjukefråværet ved Høgskulen i Volda skal reduserast til 4.5% i gjennomsnitt (legemeldt fråvær).
- Finne årsaker til at sjukefråværet for kvinner er høgre enn for menn.
- Førebu arbeidsmiljøundersøking som skal gjennomførast i 2008.
- Av tilsette med førstekompetanse skal delen av kvinner auke frå 21% i 2006 til 30% i 2007
- Høgskulen i Volda skal prioritere HMS-arbeid i samband med omorganiseringa
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med Statsbygg om å få på plass eit ventilasjonsanlegg i Kaarstad 1922

Risikovurderingar:

Risiko 1:

Større arbeidspress kan føre til auka sjukefråvær og mangel på kvalifisert personale.

Sannsynlegheit: middels

Konsekvens: middels/alvorleg

Tiltak: Betre rutiner for oppfølging av sjukmelde, m.a. gjennom fokus på leiaransvar og meir aktiv bruk av oppfølgingsplanar

Andre kommentarar:

Tiltak kompetanseheving kvinner: Prioritere kvinner, m.a. gj. FOU-stipend og førstelektorprogram.

Delmål: 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ta i vare høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane våre

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal fullføre revisjonen av budsjettfordelingsmodellen i 2007 til bruk frå og med budsjettåret 2008
- Vi skal syte for god informasjon om endra budsjettmodell for å sikre at modellen vert forstått i organisasjonen
- I den omorganiserte høgskulen (frå 1.8.2007) skal alle avdelingane ha gode rutinar og nok kapasitet for å ivareta budsjett- og rekneskapsfunksjonane
- Innan 1. juni 2007 skal vi ha utarbeidd revidert økonomimodell ved HVO som inkluderer nye konti frå 1.1.2007, nye budsjetteiningar i den omorganiserte høgskulen frå 1.8.2007 og annan relevant og forbedra informasjon knytt til rekneskapsfunksjonen rundt i organisasjonen
- Gjennomføre ESS-prosjektet (Employee self service) som planlagt
- Opptente inntekter frå eksternt finansiert verksemd (inkludert studieavgifter, men ekskl. midlar frå NFR) skal i 2007 kome opp i 12,9 mill kr.
- Høgskulen i Volda skal lage instruks og rutinar som sikrar at regelverket for offentlege innkjøp blir følgt i alle delane av organisasjonen
- Høgskulen i Volda vil også i 2007 leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde. Eit viktig mål er at vi ikkje kjem i negativt søkjelys eller får negative merknader frå Riksrevisjonen

Risikovurderingar:

Risiko 1

Rammevilkåra i KD-finansieringsmodellen blir endra med kort varsel

Sannsynlighet: liten

Konsekvens: alvorleg/middels

Tiltak: Ha god dialog med departementet for å skape forståing for kor viktig det er for vår planlegging at vi kan stole på at rammevilkåra er stabile og pårekelege. Vi må syte for god dialog med departementet og sektoren om innføringstidspunkt og innhald i den nye formidlingskomponenten.

Risiko 2

Revisjonen av budsjettfordelingsmodellen ved HVO kan føre til uheldige og kortsiktige strategiske prioriteringar i avdelingane

Sannsynlighet: liten

Konsekvens: alvorleg/middels

Tiltak: God informasjon både før, under og etter prosessen er viktig. Fagmiljøa må vere med i prosessen for å kunne forstå dei overordna mekanismane som må ligge i ein god modell. Vi må arbeide for å skape forståing for at modellen ikkje vil kunne ta i vare alle omsyn, men vi må arbeide for å kome fram til ein modell som balanserer omsyna best mogleg. Konkret har vi planlagt at ein representant frå organisasjonane skal vere med i arbeidsgruppe som arbeider fram revisjonen av budsjettmodellen. Vidare legg vi opp til ei god høyringsrunde før framlegget til den reviderte modellen går til styret.

Risiko 3

I samband med omorganiseringa kan rekneskaps- og økonomifunksjonen ved dei omorganiserte avdelingane i ei periode verte nedprioritert

Sannsynlighet: liten

Konsekvens: alvorleg/middels

Tiltak: I samband med utarbeidinga av ny økonomimodell vil vi setje fokus på rutinane kring rekneskaps- og økonomifunksjonen i avdelingane

Kommentarar:

ESS (Employee Self Service) er ein eigen modul inkludert i SAP, det nye lønns- og personalsystemet som no er innført ved Høgskulen i Volda. Systemet er eigenleg eit "kikkhol" inn i SAP for egne oppdaterte data.

SSØ har plukka ut Høgskulen i Volda til å vere pilot i innføringa av ein nyutvikla og meir pedagogisk versjon av ESS i statleg sektor. Vi er den første høgskulen som tek i bruk dette systemet.

Vi starta arbeidet i desember 2006, og frå og med 2007 fekk vi lisensar for alle tilsette. I første omgang er målet at alle tilsette i dette systemet sjølve skal:

- ta ut lønsslippene sine
- oppdatere personlege opplysningar som adresse og bankkontonummer
- registrere reiserekningane sine

Vi er godt i gang med innføring av systemet, og etter planen vil vi ha nådd målet i løpet av vårsemesteret 2007.

Høgskulen i Volda har siste åra gradvis auka utnyttinga av eksisterande areal, og her er no nesten ikkje "slakk". Pausekrokar er kontorisert, lysopningar er kontorisert, tilstøytande rom til gymnastikksal og symjehall er bygd om til undervisningsrom, undervisningsrom og andre lite brukte areal er bygd om til grupperom. Status per 2007 er at her er for lite kontor, her er for lite grupperom, her er altfor lite lagerareal, her er akkurat nok undervisningsrom og her er veldig lite areal som ikkje er fullt utnytta. Synsvinkelen "kostnadseffektiv bruk av areal" er overskygga av ein anstrengt areal-situasjon.

2.5 Disponering av tildelt løyving 2007

Løyvinga for 2007 er fordelt internt i styresak 53/2006 i møte 7.12.2006, og det er skrivne tildelingsbrev til avdelingane 11.1.2007. Budsjettet er fordelt etter den vedtekte budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at den premieringa av resultatata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

Aktiviteten i 2005 låg under nivået i 2004. På grunn av kategoriomplassingar gav dette oss berre ein mindre reduksjon i resultatutteljinga i utdanningsfinansieringa. Problemet vart den store generelle inndraginga i basisløyvinga (lik resten av sektoren).

Vi drøfta følgjande tiltak for å møte utfordringane i 2007:

- Redusert aktivitet og nedbemanning
- Auka inntening i form av betalingsstudiar og anna eksternt finansiert verksemd
- Betre utnytting av Fou-ressursane
- Bruk av avsetningar
- Stimuleringstiltak for å få til omstillingar

Etter nøye vurderingar kom vi fram til at vi ikkje ville leggje opp til ein større reduksjon i aktiviteten og nedbemanning i 2007. I staden satsar vi sterkt på dei andre tiltaka. Vi tolkar signala frå departementet slik at sidan likviditeten i sektoren er god, så bør vi få avsetningsmidlane i omløp. Det er argumentert med at det tilsynelatande høge avsetningsnivået gjer at sektoren tolerer eit kvileskjær i 2007. Skal vi tru Soria Moria-erklæringa, vil løyvingane til UH-sektoren auke i løpet av denne stortingsperioden. Det gir grunnlag for å håpe på betre vilkår i 2008. Vi meinte difor at vi har dekning for å nytte ein del avsetningsmidlar i 2007 for å halde aktiviteten oppe, og vi la inn i budsjettet 3 mill kroner frå tidlegare oppsparte buffermidlar. Etter dette er det sentrale bufferfondet vårt tomt.

Ein overordna presentasjon av planen for tildelte midlar i 2007 følgjer i tabell 4.3.

3 BUDSJETTFRAMLEGG FOR 2008

3.1 Framlegg innanfor ramma

3.1.1 Problem med låg basisløyving

Ved innføringa av KD sitt finansieringssystem frå 2003 vart det signalisert at basisdelen i budsjettet ville vere eit stabiliserande element. Vi har likevel fått reduksjon i basisdelen slik at vår basisdel i budsjettet no er den lågaste av alle høgskulane. Sagt på ein annan måte kan vi seie at Stortinget har fått ekstra stor valuta for den basisløyvinga som er sett inn i Volda. Det er likevel urimeleg at historiske omsyn framleis skal telje så tungt i finansieringsmodellen, og for Høgskulen i Volda vil vi spesielt framheve:

1. Dei kostbare medieutdanningane våre
2. Distriktpolitiske omsyn. Eit eksempel er utviklinga når det gjeld reisekostnader. Dei statlege tilskotsordningane vert stadig reduserte, og i samsvar med politikken til flyselskapa vert reisekostnadene i distrikta høvesvis stadig dyrare enn i meir sentrale strøk
3. At husleigekostnadene våre i utgangsåret for finansieringsmodellen var svært låg. Problemet er knytt til det gamle Aasen-huset, sjå punkt 4.2.5. Som resultat av den låge husleiga i alle år, sit vi no med eit nedslite bygg der det ikkje har vore teke nødvendig vedlikehald og oppgraderingar dei siste 35 åra.

3.1.2 Kvalitetsreforma

Høgskulen i Volda var tidleg ute med innføring av kvalitetsreforma, og vi innførte reforma for nokre studietilbod alt frå hausten 2002, eit år før pålagt innføring. Omleggingane til dei nye evalueringsformene er ein av grunnane til den høge veksten i studiepoengproduksjon frå 2002 til 2003, men dette førte også til store økonomiske utfordringar dei første to åra. Som det kjem fram av rekneskapan frå Høgskulen i Volda for 2003 og 2004, hadde vi uforsvarleg små avsetningar desse to åra. På den andre sida gav denne tidlege innføringa oss eit forsprang i arbeidet med implementering av kvalitetssystemet i heile organisasjonen.

Årsrapporten for 2004-2005 viser at vi er komne langt i implementeringa av sjølve systemet. Kvalitetsarbeid krev kontinuerleg fokus. Å fylle systemet med rett og tilstrekkeleg innhald er den største utfordringa. Dei viktigaste føresetnadane for dette er sterke fagmiljø og ein kvalitetsmedviten kultur i heile organisasjonen.

3.1.3 Oppfølging av evalueringa av lærarutdanninga

Høgskulen i Volda tar evalueringa av allmennlærerutdanninga på alvor, og vi har starta eit omfattande oppfølgingsarbeid. Arbeidet vert internt organisert som eit prosjekt, og det skal utarbeidast ein tiltaksplan.

Det er alt utarbeidd ei kartlegging av tilrådingane frå NOKUT og kven som skal ha ansvaret for oppfølginga hos oss. Tilrådingane går først og fremst på:

- fagdidaktikk og pedagogikk i teori og praksis
- styring, leiing og organisering.

Vi er i gang med ei omfattande internskulering der målgruppa er alle som underviser i allmennlærerutdanninga.

3.1.4 Kunnskapsløftet

Kompetanseheving for lærarar og skuleleiarar er ein sentral del i gjennomføringa av Kunnskapsløftet. Høgskulen i Volda ønskjer å vere ein sentral samarbeidspartnar for skulane når Kunnskapsløftet skal gjennomførast. Arbeidet med Kunnskapsløftet ved Høgskulen i Volda er organisert som eit prosjekt forankra i leiinga. Kontoret for etter- og vidareutdanning har prosjektansvaret, og dekanane for lærarutdanningane utgjør styringsgruppa. Kontakten med utdanningsdirektøren i fylket er svært god og prosjektleiinga ved HVO er med i fylkesgruppa for Kunnskapsløftet i Møre og Romsdal. HVO sin policy for Kunnskapsløftet er å prioritere samarbeid med kommunar og skular som har ønske om å

inngå avtalar for langsiktige læringsprosessar knytte til heile skuleorganisasjonen, i staden for korte faglege opplevingar. Vi vil prøve ut nye måtar å organisere etter- og vidareutdanning på, og siktemålet er at dette skal gje skulane meir kompetanseheving for pengane. Høgskulen i Volda har lukkast med å med å få til ein god dialog med kommunane og skulane. Vi opplever at dei ser på oss som ein attraktiv tilbyder og medspelar i kompetanseutviklinga av lærarar og skuleleiarar.

Omfanget av avtalar er avgrensa av den faglege kapasiteten vår. Det vert forventa at heile fagpersonalet vårt til ei kvar tid er oppdatert med relevant kompetanse i tillegg til solid innsikt i reformene i lærarutdanningane og dei utfordringane dette representerer for grunnskule og vidaregåande opplæring. Vi har starta ei omfattande internskulering av fagpersonalet.

3.1.5 Internasjonalisering

Høgskulen i Volda kunne vise til ein sterk auke i arbeidet med dei internasjonale aktivitetane i 2005. Høgskulen i Volda si målsetting er at 10% av den totale studentmassen vår skal vere ute i verda til ei kvar tid. I 2004 var andelen 4%. I 2005 var den auka til om lag 8%. Vi har også hatt god auke i talet på innreisande studentar. Mykje av grunnen til den gode veksten inn til Høgskulen i Volda må tilskrивast Erasmus Link-prosjektet der vi er den leiande institusjonen i Noreg!

Høgskulen i Volda har no 85 institusjonsavtalar i 35 land. Vi er i gang med ein grundig gjennomgang av avtaleporteføljen vår. I tida framover vil vi satse meir på konsentrasjon og kvalitetssikring. Arbeidet med kvalitetssikring er kome godt i gang. Det er laga retningslinjer for etablering og vedlikehald av avtalar, for mottak av utanlandske studentar og for rapportering etter studieopphald i utlandet.

Av heftet om Orientering av statsbudsjettet for 2007 kan vi lese at Høgskulen i Volda ligg heilt på topp når det gjeld rapporterte utvekslingsstudentar!

Vårt budsjettframlegg for 2008 innanfor ramma: kr 209 500 000 (før lønns- og prisstigning).

3.2 Framtidige satsingsforslag (forslag utanfor ramma)

3.2.1 Stipendiatstillingar

Høgskulen i Volda vil konsentrere forskingsverksemda på fire strategisk viktige område for høgskulen. HVO vil byggje sterke og berekraftige forskingsmiljø rundt faglege kjerneområde der vi har profesjonsutdanningar og mastergradsutdanningar. Strategiplanen for FoU har peika ut 4 satsingsområde:

- velferdsforskning
- kulturmøte
- journalistikk
- utdanningsforskning

Stipendiatstillingane er svært viktige for å realisere denne strategien, og den har vore styrande for fordelinga av stipendiatstillingane.

Høgskulen i Volda har i dag 11 stipendiatstillingar. Behovet for nye stillingar har samanheng med behovet for å styrke innsatsen på dei fire satsingsområda. Vi vil dessutan peike på følgjande utfordringar:

- Høgskulen i Volda fekk i 2004 rett til å etablere mastergradsutdanning i yrkesretta spesialpedagogikk. Dette er eit yrkesretta studium der det er viktig å skape forskingsverksemd med sterk forankring i yrkesfeltet
- Evalueringa av pedagogisk forskning peikar på utfordringar når det gjeld rekruttering og styrking av det faglege miljøet. Oppfølging av evalueringa gjer det naturleg å prioritere stipendiatstilling på dette feltet

- Innanfor nynorsk skriftkultur arbeider vi med å utvikle forskingsprosjekt med fokus på minoritetspråk. Etableringa av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa gjer det naturleg å satse på forskning omkring situasjonen for nynorsken i skulen. Dette gjeld nynorsken si stilling allment som bruksspråk, og nynorsk som sidemålet i grunnskulen og vidaregåande skule
- På området velferdsforskning vil vi satse sterkt på å få eit Strategisk høgskuleprogram finansiert av NFR. På dette feltet vil det vere behov for fleire stipendiatstillingar
- Innanfor journalistikk har vi hatt ein sterk vekst i forskingsverksemda, og ønskjer å følgje dette opp med sikte på ei mastergradsutdanning på dette kjerneområdet

Pr dato har vi 13 tilsette i stipendiatstillingar, av desse er 2 eksternt finansierte (NFR og Fritt Ord). Ei stilling er under tilsetjing.

5 av våre tilsette har hittil disputert i 2006. Vi viser til heimesida vår her:
<http://www.hivolda.no/index.php?ID=13830>

Ut frå ei samla vurdering har Høgskulen i Volda behov for to nye stipendiatstillingar i 2008.

Auka ramme i 2008, halvårsverknad for 2 stipendiatstillingar, kr 592 000 (før lønnsstigning)

Høgskulen i Volda har ein organisasjon som har engasjert seg aktivt innafor fleire nasjonale satsingsområde, og vi har gode potensiale framover dersom vi får forsvarlege løyvingar. For 2008 ønskjer vi spesielt å satse vidare på desse områda:

3.2.2 Bygningar

Høgskulen i Volda sin bygningsmasse er samansett av nokre gamle og nedslitne anlegg og nokre nye og tidsmessige bygg som held god standard. Den største utfordringa og den som må prioriterast først, er å skaffe erstatning for eit nedslite og dårleg kommunalt utleigebygg – Ivar Aasen-huset. Dette huset vart teke i bruk i november 1971. Oppgradering av bygget til tidsmessig standard har både huseigar og Statsbygg vurdert som ei dårleg løysing. I ein rapport laga av Statsbygg frå april 2003 er huset omtalt på følgjande måte: ”Bygget er no i dårleg forfatning. Innemiljøet er ikkje tilfredsstillande. Bygget har branntekniske manglar og det er registrert større setningsskadar. Ein tilstandsrapport konkluderer med at rehabilitering av bygget ikkje er økonomisk forsvarleg.”

Statsbygg disponerer gode tomteareal for nybygg på høgskuleområdet. Av rapporten går det fram at høgskulen sit att med to gode alternativ til nybygg. Utfordringa er å skaffe husleigemidlar til eit nybygg. Dagens husleige er på 0,9 mill. kroner. Dette er urimeleg lågt i høve til storleiken på bygget og skuldast den svært låge standarden. Ny husleige er no rekna til om lag 4,5 mill. kroner. Vi har tilbod frå Statsbygg om å dekkje 1,5 mill kr av meirkostnadane, og vi søker departementet om dei resterande 2,1 mill kr.

Med rimeleg framdrift vil eit erstatningsbygg kunne vere på plass i 2010. I St.prp.nr 1 er Nytt Ivar Aasen-bygg ført opp som kurantprosjekt. Vi ber om at prosjektet vert flytta til ei anna gruppe, alternativt at vi kan kome i dialog om den best moglege løysinga for å få fortgang i prosjektet.

Den neste store utfordringa er å rehabilitere Henrik Kaarstad-huset av 1922. Læringsmiljøet i undervisningsroma i dette bygget er dessverre langt under dagens standard. Vi har målt inneklimate og målingane viser verdiar meir enn det dobbelte av grensa for dårleg inneklimate. Det er inga overrasking sidan nesten ingen av roma har ventilasjon. Når fokus på læringsmiljø no er langt viktigare enn før, gjer dette at høgskulen ikkje kan leve med situasjonen særleg lenge utan å gjere noko.

Høgskulen har derfor i samarbeid med Statsbygg starta arbeidet med å få opp eit prosjekt som bøter på dei kritiske manglane som ei kortsiktig løysing, og eit prosjekt med rehabilitering av Kaarstad 1922. Begge delane vil medføre auka husleige. Det er difor viktig å sjå husleigeavtalene for heile

vestområdet i samanheng. Idrettsbygget har stort areal, men er dårleg utnytta og har høge energikostnader, og vi har passa på at vi ikkje har for lang avtaleperiode på dette bygget. Vi har difor fått Statsbygg med på ein avtale om at når rehabiliteringa av Henrik Kaarstad-huset av 1922 kjem i gang, kan vi forhandle avtalen om Idrettsbygget på nytt. Dette vil finansiere ein del av den nye husleigeauken.

Noverande areal ved Høgskulen i Volda er 27 651 m² (utanom Røysløda og naust på Yknsøya). I tillegg måtte vi frå og med 2006 leige areal til fristasjon for Studentsamskipnaden. Dette siste har vi finansiert av ramma vår (til tross for den låge basisløyvinga vi har).

Talet på studentar er hausten 2006 samla registrert til 2.913 (mot 3.029 hausten 2005). Dette er talet på personar både med eigen og ekstern finansiering.

Talet på eigenfinansierte heiltidsekvivalentar er hausten 2006 2.451 med tal frå DBH. Dette er ein nedgang på 101 ekvivalentar frå 2004. Som vi før har peika på, er talet frå 2005 feil.

Talet på tilsette ved HVO er pr 1.10.2006: 252,5

3.2.3 Meistring og læring/ velferdsforskning

Høgskulen i Volda fornya i 2005 samarbeidsavtalen med Helse Midt-Norge RHF og Kompetansesenteret for pasientinformasjon og pasientopplæring, KPI som vart inngått medio 2003. I november 2005 vart det sett i gang eit spennande utviklingsarbeid for å få til eit tilpassa studium for farmasøytar i helseregionen. Prosjektet er både eit fagleg og administrativt samarbeid. Det resulterte i eit skreddarsydd utdanningstilbod som vert kalla Helsepedagogikk for farmasøytar.

Samarbeidet med Kultur- og kirkedepartementet resulterte i 2005 i oppstart og gjennomføring av to utdanningstilbod til leiarar ved frivilligsentralar; Leiing av frivillig og offentleg samarbeid i vårsemesteret og Prosjekt- og informasjonsarbeid i haustsemesteret. Det var til saman 90 som gjennomførte desse studia.

Norsk selvhjelpsforum (NSF) vart ein ny samarbeidspartnar i 2005. Norsk selvhjelpsforum har knutepunktfunksjon for den nasjonale satsinga på sjølvhjelp knytt til psykisk helse, jf "Nasjonal plan for selvhjelp" utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Samarbeidet omfattar utvikling av eit nytt utdanningstilbod. Studieplanen er nyleg godkjend.

Hovudsatsinga innafor Meistring og læring er mastergraden i helse- og sosialarbeid. Utgangspunktet for studiet er endringane i lov om spesialisthelsetenesta som legg stor vekt på informasjon, læring og meistring og tradisjonane i sosialektoren som fokuserer på å utnytte ressursane hos klienten. Vårt mål er å setje saman læringsmiljø frå begge sektorane og lære opp profesjonsarbeidarane til å ta vare på desse perspektiva. Hovudinnhaldet i studiet handlar om relasjonen mellom hjelpar og hjelpetrengande/pårørande, kva læring, brukarmedverknad og meistring handlar om på ulike felt, korleis ein handterer informasjonsbehov og kommunikasjon, kva slags etiske spørsmål denne relasjonen reiser, og korleis behova for innsikt, deltaking og meistring kan variere i ulike livsfasar (eit livsløpsperspektiv) og på ulike område. Studiet siktar mot å styrke helse- og sosialarbeidarane sin kompetanse i relasjonsarbeid retta mot einskildpersonar, familiar og grupper. Her står omgrepa læring, meistring og myndiggjering sentralt. Studiet har også kopling til Kompetansesentret for pasientinformasjon og pasientopplæring som Helse Midt-Norge har lagt til Volda. I samarbeid med helseføretaka og kommunane ønskjer vi å få til forskning på profesjonskvalifisering og yrkesutøving for å ta vare på meistring.

Studietilbodet er utarbeidd etter påtrykk frå helseregionen, og Høgskulen i Volda har behov for finansiering av 25 nye studieplassar eller eit tillegg i basisløyvinga vår på kr 2 000 000.

3.2.4 Den kulturelle skolesekken

I samband med den nasjonale satsinga på Den kulturelle skolesekken har Høgskulen i Volda, i ein formell partnarskap med Møre og Romsdal fylke, planar for etablering eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling knytt til måla og aktørane i Den kulturelle skolesekken. Det er utarbeidd eit programnotat for prosjektet. Satsinga er relevant for høgskulen sitt fag- og studentmiljø, særleg lærarutdanninga, mediefaga og dei estetiske faga. Vi har tre år på rad arrangert verkstader for kunstnarar og kulturarbeidarar innan ulike sjangrar, slik at dei kan arbeide med prosjekt og produksjonar til turnear i regi av Den kulturelle skolesekken. Nedslagsfeltet har vore og er nasjonalt. Om lag 100 deltakarar (enkeltvis og i grupper) har i denne perioden arbeidd med prosjekta sine her i Volda. Dei har fått tilbod om kunstfagleg og formidlingsfagleg rettleiing og høve til utprøving.

Verksemda omfattar både kvalitetsarbeid knytt til kunst- og kulturproduksjonar, kompetanseheving for ulike aktørar knytt til Den kulturelle skolesekken og fokus på skulen som kulturarena for kunstnarar, lærarar og studentar. Dette er ein svært spennande og relevant aktivitet for Høgskulen i Volda.

Satsinga (forprosjektet) har til no vore finansiert av Volda kommune, Møre og Romsdal fylke og Høgskulen i Volda. Vi ønskjer å byggje opp eit produksjonssenter for å få denne satsinga inn i meir permanente former. Vi søkjer om ei utviding av ramma vår på kr 5 290 000.

4 TABELLVEDLEGG

Tabellane er utskrifter frå DBH:

<http://dbh.nsd.uib.no/dbhvev/budsjettrapport/index.cfm>

Tabell 1.1 – 1.21 Studenttabellar

Tabell 2.4 – 2.6 Tabellar knytt til forskning (Stipendiatar)

Tabell 3.1 – 3.6 Tabellar knytt til tilsetteopplysningar

Tabell 4.1 – 4.3 (inkludert notar) Økonomitabellar

Tabell 5.1 Areal

Tabell 6.3 Tilhøvet til samskipnaden